



Nordsjøløypa

Bulandet

Askvoll

Nordsjøporten

Bulandet og Værlandet er det vestlegaste busette øysamfunnet i Noreg. Værlandet har eit særmerkt landskap, med dei spesielle klettane, kombinert med myrar og vatn. Bulandet har meir enn 365



øyar og vert ofte kalla "Nordens Venezia".

Til saman bur det meir enn 450 menneske på øyane. Fiske og fiskeforedling, lakseoppdrett og –slakteri, steinbrot og foredling av stein, garnmontering og turisme er viktige næringsvegar. Nytt og spennande er vegen mellom Værlandet og Bulandet, 5 km lang og med 6 bruer på til saman 950 meter. Dette er verkeleg porten til Nordsjøen!

Nordsjøløypa

Den nye vegen, Nordsjøporten, er Bulandet si Nordsjøløype. Frå ferjekaien på Værlandet kan ein velje å gå Nordsjøløypestien, den gamle skulevegen, forbi klettane eller ta hovudvegen gjennom Landøyna til Myrvågen.

Vegen er asfaltert, så det er fint både å gå og sykle, trille tur med barnevogn eller ta turen som ei treningsøkt. Syklar kan leigast både i Værlandet og Bulandet.

Den første brua går frå Myrvågen til Melvær og er 234 meter lang. Utsikta frå Melværrånen er flott,



Bulandet - eit eldorado for havkajak. Foto: Arne Stubhaug, Firda

og leitar du på nordsida kan du finne ei jettegryte. Vidare vestover ligg Ytre Melværsundbrua, som er 317 meter lang. Vegen kryssar eit par mindre øyer og sund før du kjem fram til Olsundbrua som er den mest kjende.

"Å stå på toppen av Olsundbrua, som er 286 meter lang og som går rett opp og ned igjen, kjennest som å stå på toppen av jorda og sjå ut over landskapet. Øyane ligg som paddar rundt bruene, og du kan sjå hav på alle kantar rundt. Her kan du om du konsentrerer deg sjå at jorda er rund, og at havet bøyer unna" (Firda).



Bulandsstemning frå Kjempenesbrua. Foto: Anne Britt Sandøy.

Den siste brua tek deg over Langøysundet, og til Gjørøyna, den nordlegaste delen av Bulandet. Gjørøykletten er eit populært turmål og utsiktpunkt, og ein fin avstikker frå hovudvegen. Vidare kan du følgje vegen over land, små bruer og fyllingar på kryss og tvers i Bulandet. Namn på øyene, overnatting og ulike attraksjonar er skilta. Føl du vegen til endes kjem du til Halsøyhaugen. Utsikta er formidabel til alle kantar. Mot vest ser du ut på Sandøy, den vestlegaste busette øya i Bulandet. I sør ser du Solund, og Utvær fyr dersom været er klart. Mot nord kan du sjå Kinn og øyane i Flora. Snur du deg innover ser du utover heile Bulandet, Værlandet og Alden.



Rast på Halsøyhaugen - utsikt til Sandøy. Foto: Anne Britt Sandøy

Olsundbrua - eit pionærprosjekt

Først vart to utstikkarar i stål, kvar på 53 meter og 250 tonn monterte frå kvar side. Deretter vart midtstykket på 106 meter og 650 tonn løfta på plass. Dette er det tyngste løftet på bru som har vore gjort i Noreg, og første gongen at eit ferdig midtspenn vert hengt opp på denne måten.

Melvær - frå båt til bil

Mykje tyder på at det budde folk i Melvær allereie før svartedauden kom til landet. På 17- og 1800-talet var folket i Melvær leigendingar under Svanøygodset. Etter at det blei oppstykkka, kjøpte kjøpmann Pedersen i Bergen blant anna Melvær. I 1867 fekk brukarane kjøpe garden sjølv. I dag driv dei med kyr og smørproduksjon.

Dei to husstandane i Melvær har vore avhenging av båt til det meste fram til vegen opna i 2003. Tidlegare budde gjerne ungane vekke i periodar for å gå på skule, men det slapp dei etter at det kom nye og betre båtar. Men det var nok ikkje kjekt å sende ungane av garde i alt slags vær. Havstykket mellom Melvær og Bulandet kunne vere stygt vinterstid.

Værlandet og Bulandet

Fasilitetar og opplevingar:

-  Kyrkje
-  Butikk
-  Kafe
-  Kajakktutleige
-  Sykkeltutleige
-  Gjestebyrge
-  Overnatting
-  Galleri, utstillingar





4 av 6 bruer. Nærast Langøysundbrua.
Foto: Kurt Rutledal



Scilla verna - sjeldan i Noreg, men eit vanleg syn i Bulandet. Foto: Privat eige



Vi møtast på Nikøy.
Foto: Leif Grane

Bulandet – konglomerat og fiskeri

Bulandet består av bergarten konglomerat, som vart danna i den devonske perioden for 340 millionar år sidan. Langs vegane er det lett å sjå korleis lause massar av stein er sementert saman til konglomerat.

Bulandet er også eit konglomerat av øyar og skjer. Det vert sagt at her er like mange øyer som det er dagar i eit år. 20 av øyane er busette, og med unntak av Sandøy og Bjørnøy, er dei bundne saman med bruer og fyllingar. Ikkje minst er Bulandet eit



Sildefiske med landnot før krigen.
Foto: Sivert Halsøy



Karane på veg i laksenota.
Foto: Eli Sandøy

konglomerat av menneske. Dei 270 fastbuande representerer fleire delar av Noregs land og 3 verdsdelar. Ungdommen har vore ute på fiske eller studert, og teke med seg ein kjærast tilbake for å bu her. Andre har komme for å arbeide ein periode, men har aldri reist att.

Fiskeri er viktigaste næringsveg. Bulandet fiskeindustri satsa i nye lokale frå 1997, og har 25 heilårs arbeidsplassar + sesongarbeid. 6 fiskebåtar (ringnot, garn og line) med om lag 50 arbeidsplassar har også base i Bulandet. Bulandet har hatt ein optimisme og stå-på-vilje som har gjeve resultat; folketalet aukar, nytt vegsamband er på plass og turistnæringa veks. Folk er flinke til å stille opp for kvarandre og samarbeide. I 2004 fekk Bulandet og Værlandet prisen for "Iderike Bygdesamfunn" i Sogn og Fjordane.

Bulandet - i fortid og notid

I Temaparken finn du ulike utstillingar som viser historia til Bulandet og ein modell av alle øyene, med bruer og fyllingar. Fiskeriustilling, fredsutstilling og Bulandet ved 1000-års-skiftet står permanent. Utstillinga i 2005 er tileigna kyrkja i Bulandet sitt 100-års jubileum. Temaparken vert drive av frivillige, og utstillingane er laga på dugnad. Temaparken fekk Askvoll kommune sin kulturpris for 2003.

Turistar har gode vilkår. Mange driv med utleige av hytter og rorbuer. Har du eigen båt er det vel verd å bruke nokre dagar i gjestehamnene. Fleire verksemder har salsutstillingar for ulike typar kunst. Bulandet er eit eldorado for havpadling. Det vert arrangert kurs og turar, og det er mogleg å leige

utstyr. Øyene er også eit godt utgangspunkt for aktivitetar som havfisketurar og dykking. For dei meir makelege kan det kanskje heller friste med ein øyhoppingstur med postbåten mellom Bulandet og Solund?

Kommunikasjon

Det tek om lag ein time med ferje til fastlandet og kommunesenteret Askvoll. Ferjeruta korresponderer med ekspressbåt frå Bergen, Sogn, Måløy og Florø. Det går buss mellom Bulandet og Værlandet til mange av avgangane. Frå den gamle ferjekaia i Bulandet til ferjekaia på Værlandet er det 12 km. Jensbua arrangerer øyhoppingsturane mellom Solund og Bulandet. Turane korresponderar og med ekspressbåtrutene/ferje.



ALLEMANNSRETTEI GJELD I UTMARK

Rettar:

- Ferdast fritt til fots og på ski
- Raste og overnatte
- Ri eller sykle på stiar og vegar
- Ferdast fritt i båt, fortøye og gå i land i utmark langs kysten
- Plukke bær, sopp og blommar
- Bade i sjø, vatn og vassdrag
- Fiske med sportsfiskereiskap etter saltvassfisk

Plikter:

- Ikkje skade naturmiljøet eller uroe dyr og fuglar
- Ikkje gå i dyrka mark og eng
- Ikkje gjere opp eld i skog og mark mellom 15. april og 15. september
- Hundar skal vere i band på offentleg veg eller i naturen. I utmark er det bandtvang i tida 1. april til 15. oktober og når dyr er på beite.

Meir informasjon:
Askvoll kommune,
kulturkontoret
Tlf: 57 73 02 00
www.jensbua.no

<http://bulandet-grendalag.org/>
Tekst: Lene Gjelsvik
og Anne Britt Sandøy

Kart: Ugland IT Group

Formgjeving:
eko Førde



ASKVOLL
KOMMUNE



Nordsjøløypa

NAVE Nortrail er eit samarbeid for vern av Nordsjøregionen si felles kulturarv som kommunikasjon og transportåre.



Supported by Interreg. IIIB